



TYSNES KOMMUNE

Rådmannskontoret

Rådhuset

5685 UGGDAL

Telefon 53 43 70 15

Telefaks 53 43 70 11

UGGDAL, 16.01.2014

<i>Saksnr.</i>	<i>Dok.nr</i>	<i>Arkivkode</i>	<i>Avd/Sek/Saksh</i>	<i>Dykkar ref.</i>
12/322-18	343/14	020	FSK/FEL/ANTE	

MØTEREFERAT 10. DESEMBER 2013

Det vart halde møte i eldrerådet tysdag 10. desember 2013 kl. 13.00 i rådhuset.

Desse møtte:

Freddy Jensen
Erna Drange
Anne Lise Holmelid

Helge Hauge hadde meldt forfall, men det var ikkje mogeleg å skaffa vara.

Reidun Sellevåg møtte ikkje.

Elles møtte Anders Teigen som sekretær.

Sak 8 Sjukeheimen - status

Sekretæren opplyste om status, og at ein for tida arbeider med forprosjektet.

Eldrerådet ynskjer at Freddy Jensen får høve til å vera med på møta i gruppa som arbeider med forprosjektet. Dette for at eldrerådet skal kunna vera på eit tidleg tidspunkt i prosessen.

Sak 9 Vegnamn og nummer i kommunen

Sekretæren opplyste om at det i 2014 er sett av midlar til eit prosjekt med sikte på å få på plass vegnamn og nummer.

Sak 10 Økonomien i eldrerådet

Her vart det drøfta litt om eldrerådet sin kasse, og korleis ein enklast kunne handtera denne. Det var semje om å invitera økonomiavdelinga til neste møte i eldrerådet for å gå gjennom dette.

Sak 11 Invitasjon til kurs om eldrerådet si rolle og funksjon

Det er kome invitasjon til kurset «Eldrerådet i arbeid» 25. mars 2014 på Hotel Augustin i Bergen. Eldrerådet vedtok at heile eldrerådet skal reisa på dette kurset.

Det vert bede om at dei medlemer som ynskjer å vera med på dette kurset, gjev tilbakemelding til sekretæren på rådmannskontoret innan 31. januar.

Ymse

Det kom ikkje føre noko under ymse.

Møtet slutt kl. 14:30.

Anders Teigen
referent